Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 | Fylke: Østfold

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Aremark

Emne: Brynet | Bygdelag:

Oppskr. av: Svein Molaug | Gard:

(adresse): Norsk Folkemuseum | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Jens Larsen Østensvik, fødd 1850, før bonde, sidan også kanalvaktar.

SVAR

1. Ein segjer "sennen". Men det heiter "å bryne jaen" (pl. jar). Knivar og øksar vart bryne med "bryner." Hein er ukjendt.

2. Desse sennene var "uthøgne tå slette fjellet i Sverige" Kinnakulle hette den staden dei fekk tesse sennene frå. Der er nokre nyare som er gjort av sement.
Dei gamle sennene kjøpte dei i Fredrikshald. Før kosta senna 16 skilling (ca 60 øre)

3. Slipte ljåen på slipestein med ein gong ein hadde kjøpt den, for då var den bare smidd. ~~Dei~~ "måtte på slipesteini" med ljåen. Slipesteinen stod i ein krakk og vart dreia med handkraft. Ei alen i diameter.
Nokre hadde "grønstore" slipesteinar men det var bare enkelte som hadde slike.
Etter at ljåen var slipt måtte ein "~~bryne~~" med senne. Slipte

1057

3

aldri ljåen utan at den fyrst var
slipt ein gong. "Brynte" 4-5 gonger
til dagen. Var det stein og rusk
i engjen, stod det ikkje så lenge
kvar gong.
Har ikkje fastliggjande slipesteinar.
"Høvelbenane", saksa, knivar og alt
blir slipt på slipesteinen.

4. Har aldri høyrt om at dei tynna
eggjen med hamar.

5. Ikkje fastliggjande slipestein
Slipesteinen stod alltid heime ved
veggen, helst i friluft, men nokre
hadde den i skjul.

6. Sjå under punkt 3.

7. "Fastikker" va brukte.



Dei hadde handtak. Var "1½ finger"
breide og 1½ fot lange. Det
beste var "ørå" men asp næst
likegod. Før brukka dei myklje
ek, men den var "noe hard"
"Men nå kan ingen hverken
bryne eller slå, for nå er det
maskinane" Dei hakka inn
i "stikka" med "ein sul" ~~og~~
(syl) og hadde på det som
grovast av sennan, det var det
beste. Tok annankvart takk over
og under eggjen. Hadde "ørv"

"ørv" NB (Det skulle gå frå ogla og til
armholda.) Hadde 2 knaggar.)
Når ein brukte stikka, det hitte

1057
1056
NORSK ETNOLOGICK GRANSKING

"å stryke", då stod orvet i bakken
og ljåen frå kroppen.
Slik er det omtrent
likt både i Id
Berg og Marker.



Nokre få brukte tjere
men det var få." Det
var jo altti noen
var ingar imellom, vet De"

8. Orvet er ikkje på ljåen når ein slipar. Ein sit og held ljåen med begge hendene.
Ein "slipar med" steinen, ikkje "imot". Han sett du han gjort det på begge måtar. Ein held eggjen frå seg.

9. Når ein brynar med senna sit ein på ei tue eller sit kvart og held "senna" i eine handa. ~~Brynar~~ ljåen ligg oppetter mot skuldra og orvet, som sit på, ligg framatter mot marka. Mellom beina eller ved eine tåa stod "brynebytta




1057
~~1056~~
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Ein drygya semma i bytta og
Ein brynte heile undersida
fyrst og det med eggen. Når
den var ferdig, brynte ein
oversida, og då med eggen.



brynes med denne sida

brynes med kanten

som er ca 4,5 cm tjukk. Det
var ievan ettersom karane hadde
tjukke eller tynne hender
Ettersom ein flytte på marka
flutte ein „brynebytta" med
seg. Semma låg i vatnet i
bytta. Hadde semma med seg
opp i myrane. Brukte opp ei semme pr. sumar.
Der er ikkje stuttorv.

10. Brynehalkar brukar dei ikkje her.
"Stikka" stod fast i to halvkløyver
på "örvet".

11 Nei

13 Sjå 9.

14. Det mjølet låg igjen i botn på
"brynebytta" og ein hadde det
på stikka, men det hadde ikkje
namn.

15,16 Nei

17. Har ikkje høyrt det

18. Nei

19. Spytta ikkje på bryntet.

1057

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING